



Rapport 2017: Den kulturelle spaserstokken, Etne

Etne er ein distriktskommune der ein ofte lyt reise langt for å oppleve eit breitt og variert kulturliv. Like fullt er Etne så langt ein strekkjer til, ein aktiv kulturkommune - også på eiga hand.

T d er kulturhuset med sine mange tilbod eit samlingspunkt for heile regionen. Vakker natur gir dessutan mange moglegheiter for ein aktiv kvardag, og Etne har i den vedtekne kommuneplanen sett som mål å vere *ein regionalt profilert kulturkommune*.

Ein arbeidar for at DKSS skal bidra best mogleg til at ein lokalt også kan styrke kulturtilbodet og aktivitetane for dei eldre, og gjera det tilgjengeleg ved å tilby transport i enkelte høve.

Den kulturelle spaserstokken har i 2017 bidrege med tilskot etter gjeldande lokale retningslinjer til følgjande tiltak:

Kategori 1:

Tturar til lokale mål, der ein legg inn tilpassa fysisk aktivitet saman med sosialt samvær og kulturelle innslag. Til dømes eldredag, aktivitetsdag, seniordans, kveldsete, utandørs sommarfest.

Samarbeidspartar: Eldrerådet, pensjonistforeninga, Gjestgjevargarden, Seniordans, Frivilligsentralen.

Kategori 2:

Reiser til regionale eller fjernare mål, gjerne med tilpassa fysisk aktivitet saman med sosialt samvær og kulturelle innslag. Til dømes bussturar med forfattarbesøk, maritim kultur- og naturhistorie Austevoll og Espevær. Samarbeidspartar: Lokallaget av LHL, Biblioteket, Frivilligsentralen.

Kategori 3:

Eit auka lokalt tilbod med profesjonelle kunstnarar innafor musikk og anna scenekunst. Til dømes kyrkjekonsert Sondre Bratland, klassisk vårkonsert, og støtte til ulike kunstnariske/kulturelle innslag på ulike arrangement. Samarbeidspartar: Kultur natt, Skakke-senteret, kyrkja og diverse lag og foreningar.

Tilboda har gått ut til ei målgruppe på om lag 6-700 personar, der gjerne drygt 200 har gjort seg nytte av heile eller delar av tilboda. Det er totalt brukt ca 136.500 kroner, og bruken fordeler seg slik:

Kurs og opplæring	7 500
Transport	8 760
Kjøp av kulturtilbod	32 000
Tilskot til lag og organisasjonar	6 000
Tilskot til arrangement	26 000
Arbeidsmateriell og møtekostnad; ca	5 000
<u>Annonsar</u>	<u>6 248</u>
	91 508
Administrasjonsressurs, ca	45 000
Totalt 2017	136 508

Etne, 20. september 2018

Liv-Kari Bødtker
-kulturkonsulent-

